



Distriktssenteret - inspirasjon til lokal utvikling



Årsmelding 2010


Å byggje ei verktøykasse

Det har gått to og eit halvt år, og Distriktssenteret er i ferd med å bli det vi skal vere. Eit statleg kompetanse-senter som skal vere til nytte for både den lokale eldsjela og for regjeringa. Oppdraget er omfattande og ambisiøst. No er det mogleg å sjå at vi gjer ein forskjell.

Distriktssenteret skal vere ei verktøykasse. Vi skal innehalde mange verktøy for utviklingsaktørar på mange plan for å kunne gi verdi for alle. I slutten av 2010 gjennomførte vi vår første brukarundersøking. Perduco AS snakka med kring 80 prosent av kommunane i landet, stort sett på ordførar- og rådmannsnivå. Frå resultatata kan vi lese at 65 % av distriktskommunane kjenner til oss. Av desse har kring 40 % brukt tenestene våre. Det er ikkje godt nok, men viser at vi har kome eit stykke på vegen. Endå meir interessant er det at rundt 80 prosent av dei kommunane som har brukt tenestene våre meiner dei har hatt nytte av oss. Rundt 40 % seier dei har hatt svært stor nytte av tenestene. Det inspirerer oss. Vi satsar då endå meir på å nå dei som ikkje veit om oss eller som ikkje har brukt oss for å spreie nytteverdien vidare.

Kva er nytteverdien av Distriktssenteret sine tenester?. Det kan vere alt frå hjelp til å få kontakt med andre utviklingsaktørar for å utveksle erfaringar, til rettleiing for å kome på rett spor i planlegginga av eit tiltak. Det kan vere å finne tak i det faglege grunnlaget for å skape gode prosessar, eller det kan vere å få gode og konstruktive tilbakemeldingar på noko ein har gjort. Arbeidsmåtene våre er mange og vi møter andre både på nett, på telefonen, i besøk, på seminar, konferansar og på dei tre avdelingane våre i Sogndal, Steinkjer og Alstahaug.





Distriktssenteret.no er staden vi samlar all kunnskapen vi kjem borti. Nettstaden vår er både verktøykasse for brukarane våre, formidlingskanal og arbeidsverktøy for rådgjevarane våre. Det gjer at vi – og du – kan finne fram til kunnskapen vår, samanlikne og bli inspirert av oversikten over 110 gode eksempel (tal frå mars 2011) på korleis andre arbeider med lokal utvikling. Oversikten vår over lokale utviklingstiltak over heile landet inneheld no over 80 tiltak, mange av dei med omfattande vurderingar gjort av oss. Det er to av mange innfallsvinklar for deg som vil hente inspirasjon og kunnskap om lokalt utviklingsarbeid.

Vi jobbar aktivt for å ta i bruk både erfaringane frå dei som jobbar med lokalt utviklingsarbeid i praksis og å ta i bruk forskingsbasert kunnskap. I tillegg til å setje oss inn i relevante utgreiingar andre lagar, brukar vi mykje ressursar på å framskaffe ny kunnskap. Det gjer vi ved å bestille utgreiingar frå forskingsmiljø i heile landet. I 2010 fekk vi mellom anna ein rapport som analyserte langtidseffektane av omstillingsprogram. Det kan du lese meir om i denne årsmeldinga. Når vi hentar inn slik forskingsbasert kunnskap, er det for å kunne basere våre innspel både til utviklingsaktørar og politikktutformarar på eit solid fagleg grunnlag. Når Distriktssenteret i 2010 ikkje brukte opp alle løyvingane vi fekk, var det hovudsakleg fordi vi ikkje klarte å prioritere denne typen bestillingar godt nok. Vi prioriterte mellom anna innsatsen på omdømmetiltak høgare. Gjennom vinteren 2009/2010 møtte vi rundt 1500 menneske på ein inspirasjonsseminarturne med 29 stoppestader landet rundt. Eit tiltak som var eit drypp i arbeidet mange gjer rundt sitt eige omdømme. Det er fint å sjå at deltakarar der seinare har vist stor interesse for å bli med på omdømmeskulen, der vi lærer kommunar og regionråd ein metodikk for å arbeide med omdømmet sitt.

I 2010 trappa vi opp samarbeidet vårt med fylkeskommunane. Vi har faste kontaktpersonar for kvar enkelt fylkeskommune, og har oppretta samarbeidsavtalar med fleire av dei. Samarbeidsformene varierer, men vi har aktiv kontakt for å lære av kvarandre – og for at vi saman skal kunne gje lokale utviklingsaktørar best mogleg hjelp.

Det finst ikkje nokon fasit på den rette måten å gjennomføre lokalt utviklingsarbeid på, men vi ser ein del fellestrekk mellom dei som lukkast. Når vi bruker mye plass på distriktssenteret.no og ute i møtet med andre til å formidle både smakebitar av lokale utviklingstiltak rundt i landet og meir detaljerte vurderingar av desse, er det fleire grunnar til det. Ein er at erfaringsdeling mellom kommunane skal bli lettare. Men ei god løysing ein stad er ikkje nødvendigvis god ein annan stad. Forskingsbasert kunnskap vi har bestilt viser at organisering av tiltak ikkje er like viktig som den lokale tilpassinga og forankringa. Men at ting tar tid er ei sanning over alt. Og den blir merkeleg ofte gløymt. Dette er ei av mange sjølvsgatte poeng vi må minne om – både overfor dei som gjennomfører tiltak og de som lagar satsingar og støt-teordningar.

Bruk denne årsmeldinga til å bli betre kjent med oss og finn vegen til den kunnskapen du treng.

Halvor Holmlí
direktør

Nokre av brukarane våre

Vi legg stor vekt på at både nettsida vår og fagkompetansen til dei tilsette skal fungere som gode verktøy for fylkeskommunar og kommunar rundt om i heile landet.

Nettsida gjer oss lett tilgjengeleg for folk som er engasjert i distriktutvikling. Under fanene: **til inspirasjon, frå fagfeltet og våre tjenester** skal du lett finne informasjon som er relevant for utvikling av ditt lokalsamfunn. Vi skal mellom anna gjere det lettare å dele erfaringar og lære av kvarandre.

Foto: Holden foto



Deler gjerne erfaringar med andre

- Distriktssenteret har i 2010 følgt kommuneplanarbeidet i Øvre Eiker, med spesiell fokus på stadutvikling og arbeidsoppgåvene til grendeutvala i Skotselv og Fiskum, fortel ordførar Ann Sire Fjerdingsstad.

- På heimesidene til Distriktssenteret ligg det fleire artiklar som på ein god måte skildrar korleis vi arbeider i vår kommune. Både formannskapet og kommunestyret i Øvre Eiker er orienterte om tilbakemeldingane vi har fått frå Distriktssenteret. Politikerane er glade for at Distriktssenteret vil følgje oss i vårt vidare arbeid, seier ho. Ordføraren håper dermed at Øvre Eiker kan vere til inspirasjon og nytte for andre i utvikling av livskraftige lokalsamfunn.

Foto: John Kåre Olsen





Nyttig for små distriktskommunar

Ordfører i Høylandet kommune, Lars Otto Okstad, er ikkje i tvil om nytta dei har hatt av Distriktsenteret.

- Distriktsenteret gjorde ei grundig kartlegging av FabLab Høylandet. Det er viktig for ein liten kommune at vi kan bruke Distriktsenteret på område vi sjølv ikkje har kapasitet og kompetanse, seier han. Ordføraren takkar senteret for kartlegginga som syner at det skjer spennande og nyskapande ting – også i små distriktskommunar.

Kartlegginga har vore med på å gi satsinga legitimitet, og er blitt lagt ut på heimesidene til kommunen.

Nettsider kan ikkje erstatte folk

Sjølv om det er mange tips og gode verktøy å hente på nettsidene, kan dei ikkje utklasse den direkte kontakten med menneske. – Vi har brukt senteret i samband med eit vellukka omdømmeseminar, i tillegg til at vi er midt opp i eit samarbeid om eit tilflyttingsseminar til sommaren. Senteret i seg sjølv, folka der og den direkte kontakten som er etablert over tid, er viktig i utvikling av vårt eige lokalsamfunn, seier ordfører i Hamarøy, Rolf Steffensen.



Døropnar til departementet

- Distriktsenteret har vore ein god samarbeidspartnar for oss, i høve til innhaldet og arbeidet med sjølve prosjektet Ekte landsbyliv. Vi har nytta nettsidene og folka til å få innspel og råd, fortel næringsrådgivar Stine Røen. – Omdømmeskulen var veldig viktig for oss, både med tanke på kompetanseheving og nettverk med andre kommunar som jobbar med tilsvarande prosjekt. Inspirasjonsseminaret vi fekk var veldig bra, og ga oss ein god start på Landsbyrådet og involvering av flest mogeleg. Det var med å sikre forankring hjå mange i kommunen, og det er viktig for å lukkast.

- Tilsette ved Distriktsenteret besøkjer kommunen og følgjer opp prosjekta våre. Det gjer at vi føler oss godt ivaretekte av senteret, som også fungerer som ein viktig døropnar inn til departementet.



Nyttig kunnskap om lokalt utviklingsarbeid

Det blir drive mykje godt lokalt utviklingsarbeid rundt om i heile landet. Synd om ikkje andre skal bli inspirert og ta lærdom av det. Vi i Distriktssenteret kartlegg lokalt utviklingsarbeid, vurderer kva nytte andre kan ha av dette arbeidet, og formidlar det på ein direkte og forståeleg måte.

Det skal ikkje mykje fantasi til for å skjønne kvifor formidling av andre sine erfaringar med lokalt utviklingsarbeid er viktig.

Systematisere, analysere og formidle

Nøkkelorda er systematisert informasjon, inspirasjon og læringsverdi for kommunar og fylkeskommunar, og kva som er den kortsiktige og langsiktige effekten for lokalsamfunnet.

- I presentasjonane vi har om lokalt utviklingsarbeid, legg vi stor vekt på læringsverdien. Kva kan aktørar i andre lokalsamfunn lære av det som er gjennomført? Kva er resultatet av arbeidet, og kva effektar fører det med seg på kort og lang sikt, fortel avdelingsleiar ved Alstahaug, Ingvill Dahl.

- Det er alltid nyttig å vurdere prosjekt med nøytrale augo. Det er både nyttig og motiverande for dei eldsjelenene som arbeider med eit prosjekt som blir kartlagt, at dei blir sett. Det gir ei god kjensle å vite at det ein arbeider med kan vere til inspirasjon og stor nytte for andre.

Grundig arbeidsprosess bak vurderingane

Distriktssenteret inviterer deg med på den grundige arbeidsprosessen som ligg bak vurderingane av lokalt utviklingsarbeid.

- Det handlar mykje om å gå inn i ein prosess der du skal tileigne deg nok kunnskapar til å forstå prosjektet. Du må forstå kvifor det er oppretta og gjennomført, og du må ha eit forhold til korleis og kvifor prosjektet har – eller ikkje har - lukkast med å nå måla, seier seniorrådgivar Tom Rune Værnes.

Prosesen: Steg for steg

- Ofte startar vi med å bli betre kjend med den aktuelle kommunen eller regionen, for å få ei forståing av det større biletet som prosjektet eller utviklingsarbeidet er ein del av, fortel seniorrådgivar Trude Risnes. – Vi skaffar oss eit innblikk i eksisterande projektskisser, planar og omtalar. Vi får etter kvart ein del svar, men samstundes opnar det ofte opp fleire spørsmål. Det er nødvendig og givande å snakke med dei som faktisk arbeider med prosjektet, gjerne også med dei som har teke initiativet og andre støttespelarar.

"Djvelens advokatar"

Deretter er det klart for den meir krevjande delen; skilje ut, analysere og systematisere det som er sentral informasjon og nyttig kunnskap å ta med vidare.

- Her er vi avhengige av å vere "djvelens advokatar" for kvarandre. Det er ikkje relevant å presentere alle prosjekt; alt er ikkje like viktig. Etter ei slik økt, kan det vere behov for å gå attende til dei vi tidlegare har snakka med. Ikkje for å få "godkjenning", men for å avklare spørsmål eller mistydingar. Deretter står heile, vide, verda eller betre kjent som World Wide Web, og anna media for tur.

Det er ein god regel å tipse både prosjekteigarar, støttespelarar og media om det som skjer av engasjement i dei mange lokalsamfunna rundt om i landet. Det er for godt til å bli liggande att i rapportar som aldri når ut til folk.

Attraktivt utstillingsvindaug

- Det er mange som kan lære av andre sine erfaringar, seier seniorrådgivar Tom Rune Værnes, og rammar opp: – Lokale eldsjeler, kommunale politikarar og tilsette, tilsette i fylkeskommunar og andre aktørar i lokal samfunnsutvikling kan dermed lukkast betre med tiltak i eigne lokalsamfunn. Kartlegginga fungerer som eit attraktivt utstillingsvindaug, der lokalsamfunn som har bidrege med nyttig kunnskap, får synt dette fram for andre. Det er ein måte å byggje omdømme på, bli kopla saman med andre og skape nettverk.

Drivkraft for forskning og analytisk tenking

Ei systematisert samling av utviklingsarbeid vil etter kvart bidra til at ein blir endå meir medviten på verdien av å jobbe med utviklingsarbeid, seier Risnes. – Kartleggingane står ikkje på eigne bein, som suksess- eller katastrofehistorier. Både i den enkelte kartlegginga og for dei omtala utviklingsarbeida koplar vi prosjekta opp mot andre relevante kunnskapsressursar. Det kan vere evalueringar frå andre satsingar, utgreiingar frå forskingsfelt, aktuell litteratur, ulike nettverk eller meir verk-tøyprega ressursar.

Etter kvart som vi fyller opp med vellukka og mindre vellukka eksempel på lokalt utviklingsarbeid, vil vi kunne samanlikne informasjon på tvers av den enkelte kartlegginga. Det avslører moglege samanhengar, tendensar og trekk som gir grunn til å løfte opp problemstillingar på eit meir analytisk nivå.

Døme på problemstilling verdt kartlegging og vurdering: Det kan sjå ut til at typiske næringsprosjekt vender seg mot tradisjonelle mannsnæringsar, styrt av menn. Er det slik? Kvifor er det i så tilfelle slik? Kva konsekvensar kan det få?

Når vi etter kvart også byggjer kunnskap på tvers av prosjekt, vil det altså vere relevant å bestille ny og meir kunnskap om eventuelle samanhengar og tendensar, avsluttar rådgivaren og syner til eit døme for å understreke kva ho meiner.

Forsking på prosjektleiar

- Det er ikkje overraskande for nokon at rolla som prosjektleiar er heilt sentral i eit kvart prosjekt. All eksisterande forskning og dokumentasjon støtter opp om det. Vi ville gjerne gå meir i djupna og få betre kunnskap om prosjektleiarrolla i typiske utviklingsarbeid i lokalsamfunn. Kva betydning har prosjektleiaren, viktige eigenskapar og ikkje minst nødvendig tilrettelegging for at dei kan gjere ein god jobb. Svara finn du i analysen "Hatten av", som vi gjorde i samarbeid med Bygdeforskning.

Nyttig kunnskap for alle typar prosjekt i landet – og dei er det ikkje få av!

Foto: Johan Arnt Nesgård, Trønder-Avisa



Lokalt utviklingsarbeid

Kortnebbgåsas ve & vel

Tidlegare hatobjekt skapar engasjement og identitet

I Beitstad i Nord-Trøndelag har kortnebbgåsa blitt symbolet som inspirerer til engasjement og heimflytting. Kortnebbgåsas ve & vel samlar folk til handling. Målet er stort; Beitstad skal bli "verdens beste bygd". Dette fenomenet var verdt ei grundig kartlegging.

Tastar du inn søkjeordet kortnebbgåsa på Distriktssenteret si heimeside, får du tre treff. Den eine ligg under kategori artikkel, den andre under godt eksempel og den tredje under lokalt utviklingsarbeid. Dei to første er korte artiklar med ulik vinkling, den tredje er den grundige og analyserande. Det er rosina som kan fungere som mat og inspirasjon for andre i liknande situasjon.

Lær av andre sine erfaringar

Under dei tre emneorda oppsummering, fakta og vurdering får du som lesar lett tilgang til erfaringane til menneska bak prosjektet.

Artikkelen går rett på sak med konklusjon og oppsummering. Den viktigaste inspirasjons- og læringsverdien er korleis dei to unge heimflytta eldsjelene, Jo Kristian Kvernland og Håvard Haugan, klarte å utvikle lokalsamfunnet med kortnebbgåsa som merkevarer.

Frå hata til elska, nyttig merkevarer

Kvar vår landar og beiter 60.000 kortnebbgjæser i Beitstad på sin veg til Svalbard. Gåsa som i utgangspunktet var eit hata innslag i lokalsamfunnet, er no blitt ei viktig merkevarer som folk i alle aldrar er stolte over. Gåsa blir brukt til å skape aktivitet og positiv merksemd, og er trykt på T-skjorter, babyklede og andre effektar som blir selt til tusenvis av kroner – utan noko særleg marknadsføring.

- Kortnebbgåsa er både på Twitter og Facebook. Desse kanalane blir brukt flittig, og det var mest for syns skuld at det vart hengt opp plakater på butikken et par dagar før konsert med Karpe Diem, kan ein lese på nettsida til Distriktssenteret.

Opne folkemøte har engasjert og fått fram mange gode idear. At det i tillegg blir arbeidd med ny skule, barnehage, butikk og veg i bygda fører til optimisme blant dei goo husstandane.

Dommen frå Distriktssenteret

I faktadelen finn du aktuelle kontaktpersonar. Fagfolka i Distriktssenteret gir i den siste delen ei grundig vurdering av prosjektet.

Det kjem fram at dei to initiativtakarane eig prosjektet, som er satt i gang for å skape begeistring, optimisme og engasjement, og at det er blitt ein del av Steinkjer kommune si satsing: "Attraktivitetsprogrammet – Steinkjer – open, lys og glad".

Det er eit lystprosjekt utan ambisjonar om å utvide med medlemmar og styre, men organisert som ei foreining i Brønnøysundregistra – mellom anna med tanke på meirverdiavgift.

I tillegg kan nyttige vedlegg som prosjektplan, søknader, statuttar og medieoppslag lastast ned.

Distriktssenteret følgjer utviklinga i dette to-årige prosjektet med spente augo. Det kan gi mange verdifulle erfaringar i korleis ein skal utvikle seg frå å vere eit eld-sjelprega bygdemobiliseringsprosjekt til å bli eit statleg finansiert bulystprosjekt – med dei krav som blir stilt i den samanheng.

*"Æ trække te Beitstad":
Foreininga Kortnebbgåsas ve & vel
bruker gåsa som merkevere for å
skape blest og tilflytting til bygda.*

*Velkommen til bygda! Terje
Arntzen trekker til Beitstad, og
har kjøpt seg hus på Deibakken.
Jo Kristian Kvernland (t.h.) i
Kortnebbgåsas ve og vel ønsker
velkommen.*



Foto Håvard Haugen

Lokalt utviklingsarbeid


Hyttefolk er nyttefolk

Kva kan ein kommune gjere for å integrere hyttefolk i lokalsamfunnet?

Det er mange hyttekommunar rundt om i landet, som ønskjer fasiten på det spørsmålet. Distriktsenteret svinga lupa mot Tinn kommune, for å formidle lærdomen kommunen har skaffa seg på veg mot målet: å integrere hyttefolket.

Rett på konklusjon og læringsverdi

Prosjektkartlegginga vår startar med konklusjon og oppsummering. Vi veit at i tiltaksapparatet rundt om i kommunar og fylke er det ein evig kamp om tida. Difor er vi opptekne av å vere så direkte og effektive som mogeleg i artiklane våre. Dei skal vere matnyttige for deg som lesar og samfunnsutviklar.





Eit hyttesamfunn i endring

Hyttekommunen Tinn i Telemark, har 6.300 innbyggjarar, og om lag 2.500 hytter. Hytteliv og hytteturisme er ein svært viktig del av næringsgrunnlaget i kommunen, og påverkar kommunen på mange område.

- Hyttesamfunnet er i endring. Dei siste 15 åra med stadig høgare standard på hyttene, kombinert med breibandsutbygging, gir heilt andre mulegheiter til auka samspel mellom lokalsamfunn og hyttefolk, meiner våre rådgivarar.

Prosjektleiari for prosjektet, Siri Strandrud, seier at trenden syner at hyttene blir brukt på ein heilt anna måte no enn før, og mange bur der nesten halve året. - Desse menneske representerer store ressursar, kompetanse og omfattande nettverk.

I 2007/2008 gjennomførte kommunen den første spørjeundersøkinga blant hytteeigarane for å kartleggje den potensielle ressursen som hyttefolket var for kommunen. Var det slik at hyttefolket ønskte å engasjere seg i lokalmiljøet, eller ønskte dei berre å vere i fred på hyttene sine? Basert på svara vart det laga ein tiltaksplan, som du kan lese meir om på våre nettsider. Der finn du også prosjektplan, rapportar og andre skriv som kan vere til nytte for kommunar i liknande situasjonar.

Høg læringsverdi

Andre kommunar kan lære mykje av korleis Tinn har arbeidd for å skaffa seg kunnskap om hyttefolket, og korleis hytteeigarar er blitt involvert i prosjektarbeidet. Det er viktig å skaffe seg eit godt kunnskapsgrunnlag før

ein planlegg tiltak, noko Tinn kommune gjorde. I slike prosessar kan det vere ein fordel å samarbeide med eksterne kompetansemiljø. Effektane prosjektet har på kort og lang sikt er av stor interesse for andre i liknande situasjonar.

Mål og resultat

Hytteprosjektet til Tinn har tydelege og realistiske mål. Prosjektet og møta mellom kommunen, næringslivet og hyttefolket har bidrege til å auke forståinga for at hyttebevarar har både kompetanse og ein verdi som kan vere nyttig for vertskommunen – og ikkje berre økonomiske ringverknader.

Prosess og vurderingar

- Arbeidsgruppa har hatt eit godt samarbeid, og ei sterk evne til å få deler av målgruppa engasjert og interessert. Ressurspersonar har teke ansvar, og dei har vore flinke til å utnytte kunnskap eksternt. Fylkeskommunen har spela ei aktiv rolle i heile prosessen. Dette kan du lese meir om på nettsidene våre.

Vi vil følgje Tinn på vegen vidare. Rjukan næringsutvikling fører prosjektet, "Mulighetens møter", vidare etter at prosjektperioden vart avslutta ved årsskiftet 2010.

Distriktssenteret si mening

Vi meiner dette er eit interessant initiativ som kan gi kunnskap til beste for både fastbuande og hyttefolk i store hyttekommunar. Noreg er eit "hytteland", og det kan vere mykje å hente ved å dele erfaringar som gjelder aktivitet og satsingar retta mot hyttefolket.

Verdien av omstillingsprogram – på lang sikt

Det finst mykje kunnskap om kva effektar omstillingsarbeid har på kort sikt. Det er gjort langt mindre forskning på langtidseffektane. Vi ville vite meir. Forskarar vart engasjert, og kunnskapsbasen vår har fått ny og viktig kompetanse. Nyttig kunnskap vi deler fritt med alle som er interessert.

Sidan 1983 er det i Noreg brukt 2,5 milliardar kroner av offentlege midlar på omstillingsprogram for næringsutvikling i 70 kommunar/regionar. Det overordna målet med desse programma er å bidra til ei betre nærings- og samfunnsutvikling i område med svært negativ utvikling. Sjeldan rapport om langtidseffektane

Det er gjort mange studiar på kortsiktige effektar, men få studiar på langtidseffekten av omstillingsprogram. I samarbeid med Innovasjon Norge tok Distriktsenteret tak i kva verdi desse satsingane har for lokalsamfunna på lang sikt. Vi hyra inn Trøndelag Forsking og Utvikling, som samarbeidde med NTNU og SINTEF. Dei skreiv rapporten "Langtidseffektar av omstillingsarbeid", som kom ut i mai 2010.

Rapporten aukar kunnskapen om langtidseffekt av omstillingsprogram i 10 utvalde kommunar/regionar. Kva har skjedd dei fem eller åtte åra etter programmet vart avslutta? Og er det nokon samanheng mellom langtidseffekt og korleis omstillingsprogramma er organisert og gjennomført?

Omstillingsprogram nyttar

Forskarane samanlikna funna mellom kommunar med og kommunar utan omstillingsmidlar. På det grunnlaget kunne dei skildre korleis utviklinga kunne ha blitt utan omstillingsmidlar. Data peiker i same retning; midlane


har gitt positiv langtidseffekt på alle områda, evna til næringsutvikling er styrka, det er blitt betre kultur for nyskaping i næringslivet, og næringsapparatet er blitt betre enn før omstillingsprogrammet.

Det ser ut til at kommuneprogramma har auka selssetjinga og folketalet med fem-seks prosent; som tilsvarar rundt 1090 arbeidsplassar og 1850 innbyggjarar.

I regionprogramma er ikkje effekten så stor; rundt ein prosent auke. - Desse pilene hadde neppe peika oppover utan omstillingsmidlane, konkluderer forskarane. Dei positive effektane er likevel ikkje kraftige nok til å gi folkevekst i dei fleste av kommunane som var med i undersøkinga. Det er vanskeleg å få til folkevekst i distriktskommunar av den typen som vart studert i dette tilfellet.

Lærings- og overføringsverdi

- Ut frå funna til forskarane kan vi konkludere med at lokal tilpassing ser ut til å vere viktigare enn kva som er "beste praksis" i andre omstillingsprogram, seier seniorrådgivar ved Distriktsenteret, Torbjørn Wekre. – For å få lokal legitimitet er det viktig med brei lokal forankring, eit omfattande strategiarbeid og tidleg synleggjering av resultat. Langtidseffekt blir i liten grad påverka av organisasjonsforma, men det er viktig at ein tidleg planlegg korleis arbeidet skal vidareførast etter at omstillingsperioden er over.



For å få vekstkraft i små distriktskommunar er det ofte nødvendig med satsing på samarbeid med miljø utanfor kommunen, og trekkje til seg bedrifter frå andre regionar. Når mange kommunar slit med å finansiere eit godt næringsapparat etter omstillingsperiodar, vil ein realisere mindre av det oppbygde potensialet.

Konkrete råd frå direktøren

- Vi meiner det er grunn til å sjå nærare på tida som vert sett av til denne typen omfattande utviklingsarbeid, seier Halvor Holmli, direktør ved Distriktssenteret. - Dei ti omstillingsprogramma varte i seks år kvar. Det passar dårleg med praksisen i dag der omstillingsstatus blir tildelt for to til fire år. Distriktssenteret kjem med fleire konkrete råd; mellom anna at perioden blir auka til meir enn seks år.

Klikkar du på omstilling under emnet temaer på nettsida vår, er det mykje fagstoff som kan vere til stor nytte for kommunar og regionar i liknande situasjon.

Utgreiingar 2010

Alle utgreiingar bestilt av Distriktssenteret er tilgjengelege på distriktssenteret.no. Der er også komplett liste over tidlegare og bestilte utgreiingar.

Gevinster av høghastighets bredbånd.
Utført av Nexia.

Hatten av! En analyse av prosjektlederrollen i lokale samfunnsutviklingsprosjekter.
Utført av Norsk senter for bygdeforskning.

Langtidseffekter av omstillingsprogram.
Utført av Trøndelag Forskning og Utvikling, i samarbeid med SINTEF og Norsk senter for bygdeforskning. Bestilt i samarbeid med Innovasjon Norge.

Følgeevaluering av Omdømmeskolen 2009.
Utført av Ordkraft.

Breibandsmobilisering og organisering i distrikts-Norge. *Utført av Vestlandsforskning.*

Bosettingsvirkninger av regionale trainee-program. *Gjennomført av Ideaszevidence.*


Evalueringsvirkninger av omdømmeskolen 2008 og 2010.
Gjennomføres av Oxford Research i samarbeid med Ordkraft AS. Planlagt ferdigstilt i mars 2013.



Engasjert Lebesby-ordfører Stine Akselsen på inspirasjonsseminar."

Å finne identiteten sin

Distriktssenteret har gjennom Omdømmeskulen og inspirasjonsseminar prøvd å hjelpe kommunar og småsamfunn i gang med omdømmearbeid. Den første evalueringa tydar på at det tek tid å oppnå resultat.



Målet med Omdømmeskulen er å inspirere lokale utviklingsaktører til å arbeide systematisk med profilering og stadutvikling. Eit viktig stikkord er forankring – at dei som bur og arbeider i kommunen får bli med på å formulere kva som er deira identitet. "På Omdømmeskulen gir vi deltakarane kunnskap og metodar for kome fram til korleis dei ønskjer å bli oppfatta av omverda", forklarar prosjektleiar Anne Irene Myhr. I tillegg til den faglege skoloringa har deltakarane fått møte eldsjeler, t.d. i Inderøy, Harstad og Os, som har oppnådd resultat.

Landsdekkjande turné

Medan Omdømmeskulen var i sitt første år, heldt Distriktssenteret 29 inspirasjonsseminar for norske kommunar og regionråd. Alle som melde si interesse fekk tilbodet, og seminarrekkeja omfatta 47 kommunar. Inspiratorane var kommunikasjonsrådgjevarar, bygdeutviklarar, musikarar og ein humorist. "Kvart seminar var unikt, men alle inneheldt fag, kultur og eit godt døme på omdømmearbeid", fortel Roar Werner Vangsnes, prosjektleiaren for inspirasjonsseminara. Kommunane fekk velje seminarforma, frå det breie folkemøtet til dagsseminar for folkevalde og administrasjon. "Mange såg at dette var starten på å gjere noko i fellesskap rundt arbeidet med omdømmebygging", fortel Vangsnes. Sjølv var han på 17 av dei 29 seminarane, frå Lebesby og Gamvik til Kvinesdal. "I Kjøllefjord vart folk sitjande å prate og diskutere ut over natta. Vi veit ikkje om seminarane gav varig effekt, men kommunane fekk sjansen til å gripe noko som dei kunne følgje opp vidare. Enkelte kommunar hyra konsulentane i ettertid, dessutan søkte fleire på Omdømmeskulen", seier Vangsnes.

Har Omdømmeskulen effekt?

Kjem kommunar verkeleg i gang med omdømmearbeid som har effekt etter å ha delteke på Omdømmeskulen? Kommunikasjonsbyrået Ordkraft gjennomførte ei undersøking av dette spørsmålet med utgangspunkt i fem av deltakarkommunane. Desse hadde ikkje kome langt nok til at Ordkraft kunne konkludere om perioden dei såg på. Ein veit at dei fleste hadde sikra politisk forankring og at alle fem oppnådde forståing for omdømmearbeid i kommuneadministrasjonen. At kommunane ikkje hadde kome lengre kan skuldast mangel på ressursar, prosjekttrøytteleik, misnøye med metodikken eller at omdømmearbeidet kjem i tillegg til andre oppgåver. "Eit arbeid med å betre eit omdømme handlar om å endre den emosjonelle haldninga til individ og grupper. Dette er eit langsiktig arbeid, du kjøper deg ikkje eit betre omdømme", seier Audun Øvrebø, rådgjevar i Ordkraft. Nye, langsiktige evalueringar ligg føre i 2013.

2010 i Distriktssenteret

Arbeidsmiljø, sjukefråvær og HMS

Distriktssenteret hadde 20 tilsette ved utgangen av 2010. I tillegg fekk avdelinga i Sogndal to nye tilsette 1. februar 2011. Tre personar byrja i 2010. I rekrutteringsprosessane har ein, i tillegg til faglege og personlege kvalifikasjonar, også teke omsyn til likestilling. Det har ikkje vore søkjarar med innvandrarakgrunn eller med nedsett arbeidsevne. 9 menn og 13 kvinner er tilsette hos oss 1. mars 2011. Leiargruppa er på fem personar, med tre menn og to kvinner.

Sjukefråværet i Distriktssenteret er svært lågt. I 2010 låg fråværet på berre 1,91 prosent (2009: 1,06 prosent). Distriktssenteret legg vekt på å ha eit triveleg og sunt arbeidsmiljø, og gjennom ordningar for trening i arbeidstida og frukt på jobben, legg vi til rette for fysisk aktivitet og sunne kostvanar. HMS-arbeidet er organisert med eitt verneombod på kvart kontor.

Som eit ledd i kartlegginga av arbeidsmiljøet, er det gjennomført utviklingssamtalar med alle dei tilsette. I denne samtalen står den enkelte tilsette si faglege og personlege utvikling i fokus. I tillegg er det gjennomført vernerundar ved kvar avdeling. Distriktssenteret har òg førebudd ei eiga arbeidsmiljøundersøking som blir gjennomført tidleg i 2011.

Økonomi

Distriktssenteret hadde i 2010 ei økonomisk ramme på 27,1 millionar kroner. Under budsjettrevideringa blei ramma redusert til 24,1 millionar kroner. Forbruket i 2010 var på vel 22,1 millionar kroner. Hovudgrunnen til underforbruket er at Distriktssenteret tinga færre utgreiingar enn planlagt. Dette må ein mellom anna sjå i samanheng med at høg aktivitet rundt inspirasjonsseminara i byrjinga av året verka inn på måloppnåinga på andre område.

Hovudpostane i Distriktssenteret sin rekneskap er:

- | | |
|--|--------------|
| ▪ Løn | 12 mill. kr |
| ▪ Kjøp av konsulenttenester | 1,7 mill. kr |
| ▪ Kjøp av utgreiingar/kunnskapsstatusar: | 2,4 mill. kr |
| ▪ Drift (3 avdelingar): | 2,2 mill. kr |

I tillegg fekk Distriktssenteret ei ekstra tildeling på 2,6 millionar kroner i juni 2009. Dette blei brukt vinteren 2009/2010 (2,15 millionar kroner), først og fremst til gjennomføring av 29 inspirasjonsseminar. I 2009 brukte vi 20,1 millionar kroner av ei ramme på 21,9 millionar.



Møteplassar

I tillegg til å delta aktivt på en rekke lokale, regionale og nasjonale seminar, møte og konferansar var vi i 2010 medarrangør på:

- **ByLarm**, Oslo 19.02
- **KRD Småsamf.konf**, Tromsø 17.03
- **Arendalskonferansen**, Arendal 07.06
- **Horva 2010**, Sandnessjøen 28.08
- **Dyrøyseminaret**, Dyrøy, 28.-29.08
- **Omstillingskonferansen**, Værnes, 26.-27.10

Videokonferanse er flittig brukt i Distriktssenteret. Her frå eit seminar om prosjektleiarrolla, gjennomført på fire stader.

Halvor Holmli

Direktør
halvor.holmli@kdu.no
481 68 271

**Steinar Fredheim**

Avdelingsleiar, Sogndal
steinar.fredheim@kdu.no
481 68 274



Tilsette

**Tove Tangstad**

Kontorsjef
tove.tangstad@kdu.no
481 68 272

**Ingvill Dahl**

Avdelingsleiar, Alstahaug
ingvill.dahl@kdu.no
481 68 273

**Dan-Erik Aggvin**

Kommunikasjonsrådgjevar
dan-erik.aggvin@kdu.no
924 77 147

**Grete Bækken Mollan**

Førstekonsulent
grete.mollan@kdu.no
481 68 281

Birte Fossheim

Seniorrådgjevar, Sogndal
birte.fossheim@kdu.no
924 77 248
Fylkeskontakt: Rogaland
Fokusområde: Omdømme

**Lillian Hatling**

Seniorrådgjevar, Steinkjer
lillian.hatling@kdu.no
481 68 275
Fylkeskontakt: Oppland
Fokusområde: Digital
infrastruktur og breiband.
Tilgong på tenester

**Torhild Lamo**

Seniorrådgjevar, Alstahaug
torhild.lamo@kdu.no • 481 68 282
Fylkeskontakt: Hedmark
Fokusområde: Heilskapleg stadutvikling

**Idun A. Husabø**

Rådgjevar, Sogndal
idun.husabo@kdu.no
481 68 286
Fokusområde:
Kultur og fritid
Tilgong på tenester

**Mona Handeland**

Seniorrådgjevar, Alstahaug
mona.handeland@kdu.no • 481 68 284
Fylkeskontakt: Nordland
Fokusområde: Samfunns-planlegging og
mobilisering. Inkludering av nye tilflyttarar



John Kåre Olsen

Seniorrådgjevar, Alstahaug
john-kare.olsen@kdu.no
481 68 283
Fylkeskontakt: Østfold
Fokusområde: Tilgong på tenester (inkl. Merkur)



Stein Magne Os

Seniorrådgjevar, Sogndal
stein-magne.os@kdu.no • 900 89 566
Fylkeskontakt: Telemark
Fokusområde: Kultur og fritid

Trude Risnes

Seniorrådgjevar, Sogndal
trude.risnes@kdu.no • 481 68 287
Fylkeskontakt: Hordaland
Fokusområde: Innovasjonsmiljø/
strukturar. Bustad



Anne-Peggy Schiefloe

Seniorrådgjevar, Steinkjer
anne-peggy.schiefloe@kdu.no
481 68 276
Fylkeskontakt: Nord-Trøndelag
Fokusområde: Rekruttering
av kompetanse til
distriktskommunar



Inga Marie Skavhaug

Rådgjevar, Sogndal
inga-marie.skavhaug@kdu.no
957 02 693
Fylkeskontakt: Sogn og Fjordane
Fokusområde: Entreprenørskap.
Reisemålsutvikling frå eit
kommunalt perspektiv



Anne-Irene Myhr

Seniorrådgjevar, Steinkjer
anne-irene.myhr@kdu.no
481 68 279
Fylkeskontakt: Buskerud
Fokusområde: Omdømme



Marianne Solbakken

Seniorrådgjevar, Steinkjer
marianne.solbakken@kdu.no
481 68 277
Fylkeskontakt: Møre og Romsdal
Fokusområde: Inkludering av nye
tilflyttarar



Roar W. Vangsnes

Seniorrådgjevar, Sogndal
roar.vangsnes@kdu.no • 481 68 289
Fylkeskontakt: Vest-Agder, Aust-Agder
Fokusområde: Reisemålsutvikling frå
eit kommunalt perspektiv



Øyvind Toft

Seniorrådgjevar, Alstahaug
oyvind.toft@kdu.no • 481 68 285
Fylkeskontakt: Finnmark
Fokusområde: Omstilling i sårbare eller
kriseråka distriktskommunar. Rekruttering
av kompetanse til distriktskommunar

Torbjørn Wekre

Seniorrådgjevar, Steinkjer
torbjorn.wekre@kdu.no
481 68 278
Fylkeskontakt: Sør-Trøndelag
Fokusområde: Omstilling i
sårbare eller kriseråka
distriktskommunar.
Næringsutvikling i kommunane





Steinkjer ▪ Sogndal ▪ Alstahaug

Tlf. 48 16 82 80

E-post: post@kdu.no

www.distriktssenteret.no

 facebook.com/distriktssenteret

 twitter.com/distriktssenter